







EID KOMMUNE		MØTEBOK	
KONTROLLUTVALET I EID KOMMUNE			
Møtestad:	Kommunestyresalen	Møtedato:	27.02.2013
		Frå kl.:	10:00
		Til kl.:	
Faste medlemmer i Kontrollutvalet:	Møtte:	Forfall:	Merknader:
Roy Andre H Bruvoll	X		
Kristen Hundeide.	X		Sak 001-008/13.
Hilde Henriksen.	X		
Siv Emdal.	X		
Per Tore Borgund	X		
Personlege varamedlemmer:	Møtte:		
Ida Elisabeth Lien Ohrvik			
Karin Husevåg			
Eivind Bjørke			
Terje Johnsen			
Kåre Nils Os			
Ordføreren har møte og talerett i utvalet:			
Andre som møtte:			
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. Rådgevar Kjetil Jon Lote sak 004/13.			
Saker som vart handsama / drøfta i møtet:			
SAKLISTA I MØTET:			
001/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.			
002/13 Skriv og meldingar.			
003/13 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen.			
004/13 Masseuttak Eid kommune.			
005/13 Revisor si eigenvurdering av ubundenskap.			
006/13 Møteplan 2013.			
007/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.			
008/13 Orientering protokollar utval/styre Eid kommune.			
009/13 Oppfølgingsliste 1-2013 -Eid.			
010/13 Eventuelt.			
Merknader:			
UNDERSKRIFTER:			
 Roy Andre H Bruvoll(leiar)	 Siv Emdal	 Kristen Hundeide (s)	
 Per Tore Borgund	 Hilde Henriksen		
 Asgeir Tveit, sekretær			

001/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2013	001/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

002/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit sekretariat
Dato: 18.02.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2013	002/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-13: Forbundsbasert kvalitetskontroll av Kommunerevisjonen i Nordfjord utført av Kvalitetskontrollkomiteen i NKRF i 2012.
- SM 02-13: Brev frå kommunerevisjonen til kontrollutvala i revisjonsdistriktet.
- SM 03-13: Vedtak kst sak 121/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Eid kommune sine rutinar for fastsetjing og fordeling av midlar til dei ikkje-kommunale barnehagane.
- SM 04-13 Vedtak kst sak 122/12 Plan for selskapskontroll – Eid kommune.
- SM 05-13 Kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Eid kommune 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

003/13 OPPFØLGING KOMMUNESTYREVEDTAK FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT INNKJØPSFUNKSJONEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2013	003/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 25/11, 031/12, 035/12 og 045/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa vert teken til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet ber rådmannen orientere i saka i kontrollutvalsmøtet 17. april 2013.
- Kontrollutvalet vil etter dette sende melding om saka til kommunestyret til deira møte 2. mai 2013.

OPPFØLGING KOMMUNESTYREVEDTAK FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT INNKJØPSFUNKSJONEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet vil ha status på korleis administrasjonen ligg an i høve til å følgje opp kommunestyret sitt vedtak om å utarbeide plandokument for innkjøpsfunksjonen i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i sak 051/11 «Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune» 23.06.2011 bl.a. følgjande vedtak: *Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.*

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 12 skal kontrollutvalet sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp. Det skal vidare rapporterast til kommunestyret korleis vedtaket er følgt opp:

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Kontrollutvalet i Eid vedtok i møte 13.06.2012 i sak 031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen følgjande: *Kontrollutvalet ber rådmannen om skriftleg status innan neste møte i kontrollutvalet på korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp.*

I kontrollutvalsmøte 11.09.2012 orienterte rådmannen om planarbeidet generelt og om plan for innkjøp spesielt. Under dette vart det sagt følgjande:

- *Planstrategi vedteken og forslag til planprogram er under arbeid.*
- *Planstrategi skal ikkje omfatte fagplanar.*
- *Dette inneber at det enno ikkje er nokon plan for innkjøp. Då plan for innkjøp er ein fagplan*
- *Det vil snart bli sett i gong eit arbeid med strategi for fagplanar.*
- *Enno utsikkert kva tid dette kan vere på plass.*
- *Men det kan forventast at ein overordna plan for fagplanar kan vere på plass i november.*
- *Fagplanane treng ikkje vere veldig omfattande.*
- *Ein kan forvente at dette kan vere på plass til neste møte i kontrollutvalet.*

Etter orienteringa i møtet 11.09.2012 vedtok kontrollutvalet i sak 035/12 «Orientering – Status i arbeidet med å lage plandokument for innkjøpsfunksjonen» følgjande:

- *Kontrollutvalet tek orienteringa til rådmannen til vitande.*
- *Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å få orientering om status med arbeidet med plan for innkjøp.*
- *Kontrollutvalet ber om at det under denne orienteringa vert gjeve eit tidspunkt for kva tid plan for innkjøp blir ferdigstilt.*

Det er sendt brev til Eid kommune 12.09.2012 der ein ber om slik orientering.

I kontrollutvalsak 45/12 27.11.2012 vart kontrollutvalet orientert om følgjande:
På administrativt nivå ligg plan for innkjøpsstrategi. Det er laga prioriteringsliste for planane i Eid kommune. Denne planen er ikkje prioritert enno. Det er ikkje tidfesta kva tid denne planen vil bli ferdig. Prioriteringsliste for planane vil bli sendt kontrollutvalet når denne klar. Sannsynlegvis slik at kontrollutvalet har den til første møte i 2013.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:
Saka vert teken opp igjen på neste møte i kontrollutvalet.

Det er ikkje motteke prioriteringsliste for planane, som nemnt ovanfor, enno.

Rådmannen vert kalla inn til møtet i saka.

004/13 MASSEUTTAK EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2013	004/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå Sekom sekretariat til Eid kommune om masseuttak i Eid kommune, datert 29.11.13.
- Brev frå Eid kommune til Sekom sekretariat med tilsvar til kontrollutvalet om masseuttak i Eid kommune, datert 03.01.2013.

Andre dokument i saka (Ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 048/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek saka til vitande.

Sakshandsamar Kjetil Lote orienterte i saka.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.
- Kontrollutvalet vil særleg peike på at all aktivitet må vere heimla i godkjende planar.
- Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om korleis dette vert følgt opp innan 1. juni 2013.

MASSEUTTAK EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriftleg orientering om masseuttak i Eid kommune.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 11.09.2012 vart det diskutert kring masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 tok kontrollutvalsleiar kontakt med Sekom sekretariat der det vart bede om å hente inn informasjon om masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 har Sekom sekretariat sendt brev til Eid kommune med følgjande spørsmål om masseuttak i Eid kommune:

1. Kor mange masseuttak er det i Eid kommune som er godkjende av Bergverket?
2. Kven har avtale og kor lenge har dei enkelte av desse avtalar om å ta ut masse? Dette både opp mot grunneigar og kommunen.
3. Kven i kommunen har ansvar for masseuttak, og kven følgjer opp avtalane og planane for dei enkelte masseuttaka?
4. Har kommunen system for å kontrollere at områda for masseuttaka er avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?
5. Er områda for masseuttaka pr i dag avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?

Eid kommune har svart på brevet 30.10.2012.

Kontrollutvalet handsama saka i møte 27.11.2012. Det vart gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012.*
- *Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket.*

På grunnlag av dette vedtaket har Sekom sekretariat tilskrive Eid kommune og bede om nemnte opplysningar. Eid kommune har svart i brev av 03.01.2013. Ved brevet ligg oversikt over dei tilsyn som har blitt utførde, samt merknader til desse.

Av brevet frå kommunen går det også fram at for Lidastranda, som det er spurt særskilt om, er det slik at området er regulert til masseuttak i arealdelen av kommuneplanen, men då med krav om reguleringsplan. Slik reguleringsplan eksisterer ikkje og området er såleis ikkje godkjent som masseuttak av kommunen. Kommunen er heller ikkje kjend med at ein slik reguleringsplan er under utarbeiding.

Det vert vist til brevet frå rådmannen for nærare detaljar.

005/13 EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2013	005/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Vurdering av ubundenskap, datert 13.01.13.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Eid kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 13.01.2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Eid kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 13.01.2013 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Saksutgreiing

EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det vert vist til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15.

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Eid kommune, har i brev datert 13.01.13 gjeve ei skriftleg egenvurdering av sin ubundenskap. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t ubundenskap og objektivitet overfor Eid kommune.

006/13 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I EID 2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 18.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.02.2013	006/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan i kontrollutvalet.
- Møteplan 2013, Eid kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Eid for 2013 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Møteplan for kontrollutvalet i Eid for 2013 vert godkjent.

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I EID 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Eid for 2013.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2013 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøtet. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL EID KOMMUNE 2013

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		27.		17.		10.			10.		25.	
FORMANNSKAP	21.-24.		7.	11.-25.	23.	13.		29.	19.	17.	31.	13.-28.
KOMMUNESTYRET			14.		2.-30.	20.			26.	24.		12.

007/13 ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I EID

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 18.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.02.2013	007/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Eid kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Eid kommune vert godkjent.

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I EID

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Eid

Eid kommunestyre

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Eid kommune har i år 2012 vore samansett slik:

Medlemer:

Roy Andre H Bruvoll (leiar)

Kristen Hundeide (nestleiar)

Siv Emdal

Hilde Henriksen

Per Tore Borgund (Ørjan Tystad har gått ut i løpet av året).

Varamedlemer:

Ida Elisabeth Lien Ohrvik

Karin Husevåg

Eivind Bjørke

Eivind Johnsen

Kåre Nils Os

Sekom sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2012.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2012 har kontrollutvalet i Eid halde seks møte der det er handsama i alt 55saker.

Kontrollutvalsmøta går for opne dører.

Kontrollutvalet tinga i 2011 overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Denne var grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon er utarbeidd og vedteken av kommunestyret.

Kontrollutvalet har i samsvar med Plan for forvaltningsrevisjon tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet «Vedlikehald av bygningsmasse» i 2012

Kontrollutvalet følgte i 2011 opp kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten «Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune». Kontrollutvalet laga tilråding i saka. Denne vart sendt kommunestyret for

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Eid

endeleg vedtak. Kontrollutvalet har valt å følgje opp saka vidare i 2012 i påvente av at det vert lagt fram ein plan for innkjøpsfunksjonen.

Kontrollutvalet har i 2012 tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet «Fordeling av midlar til barnehagane». Rapport for prosjektet er levert. Kontrollutvalet har gjeve tilråding til kommunestyret i saka. Kommunestyret gjorde vedtak i saka i samsvar med kontrollutvalet si tilråding.

Kontrollutvalet har gjeve tilråding og plan for selskapskontroll. Planen er vedteken av kommunestyret i samsvar med kontrollutvalet si tilråding.

Kontrollutvalet har starta arbeid med vurdering rundt masseuttaka i Eid kommune. Arbeidet held fram i 2013.

Kontrollutvalet har i 2012 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følgje av måten sekretariat og revisjon er organisert på, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett. Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal vere vedlagt kommunen si budsjettsak når formannskapet gjev tilråding til kommunestyret i saka og når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Kontrollutvalet har i 2012 ved høve kalla inn rådmannen for å orientere. Rådmannen har orientert om følgjande:

- Beredskapsplan ekstremver og liknande.
- Arbeidet med Plan for innkjøpsfunksjonen.
- Om rapport frå tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar i Eid kommune.

Kontrollutvalet har følgd opp effektivering av kommunestyrevedtak i sak 058/11 Sal av kommunale eigedomar.

Kontrollutvalet har gjeve fråsegn til årsrekneskapen 2011 for Eid kommune og til årsrekneskapen 2011 for Eid Fjordvarme KF.

Kontrollutvalet har også gjeve fråsegn til rekneskapar og sluttrapportar for følgjande investeringsprosjekt:

- 4472 Rockescene ved Eid vidaregåandeskule.
- 1028 Kulturbygg Mehl.
- 4001 Kjøp av ny brannbil.
- 4319 Asfaltering.
- 4455 Nordfjordeid skule – byggjesteg 2.

Kontrollutvalet har i 2012 handsama sak om ubundenskapen til oppdragsansvarleg revisor. Saka vart sendt kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet har delteke på opplæring for nye kontrollutvalsmedlemmer på Skei i januar 2012.

Kontrollutvalsleiar deltok på kontrollutvalskonferanse i regi av Forum for Kontroll og Tilsyn i Trondheim i juni 2012.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste», "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste", "Eventuelt og "Orientering – protokollar utval/styre".

Utover dette har kontrollutvalet handsama sakene «Møteplan 2012 for kontrollutvalet» og «Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet».

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Eid

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Nordfjordeid den 27. februar 2013.


Roy Andre Høyenes Bruvoll
Leiar


Kristen Hundeide
Nestleiar


Hilde Henriksen


Siv Emdal


Per Tore Borgund

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

008/13 ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2013	008/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	-
Kommunestyret	-	-	-	-

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova § 77.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune er tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune er tekne til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Medlemmane i kontrollutvalet orienterer om vedtaka i ulike politiske utval/styre i Eid kommune på grunnlag av protokollane frå aktuelle møte.

Saksopplysningar:

Siv Emdal orienterer frå protokollar for møte i driftsutvalet.

Hilde Henriksen orienterer frå protokollar for møte i utval for samfunnsutvikling, kulturstyret.

Kristen Hundeide orienterer frå protokollar for møte i formannskapet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet bør på grunnlag av informasjonen vurdere om det er vedtak dei bør følgje opp.

009/13 OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 - EID

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.02.2013	009/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2013 Eid.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 1-2013 – Eid vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Oppfølgingsliste 1-2013 – Eid vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 - EID

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 19. februar 2013.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2013 - Eid.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Eid kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
15/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	23.11.10		23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
25/11 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune.	09.06.11		Tilråding frå KU til kst: - Kommunestyret visert til brev frå rådmannen til kontrollutvalet om Oppfølging kommunestyrevedtak – Rapport ”Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune”, datert 30.05.2011. - Kommunestyret registrerer at det er sett i verk tiltak for å sikre at tilsette har kunnskap og tilstrekkeleg informasjon om kommunen sine innkjøpsavtalar. - Kommunestyret registrerer at administrasjonen har teke initiativ til å få på plass eit innkjøpssamarbeid med dei andre Nordfjordkommunane, og at det er konkrete tiltak på gong. - Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015. 09.06.11: Levert kommunen i etterkant av møtet. 09.06.11 s. e-post med stadfesting om overlevering av dokumenta. 23.06.11. Vedtak kst. sak 054/11.i samsvar med tilrådinga frå KU. Sjå sak 031/12 og 47/12.
031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen	13.06.12		13.06.12 Vedtak KU –Kontrollutvalet ber rdm om skriftleg status innan neste møte i kontrollutvalet om korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp. 27.06.12 Brev til Eid kommune. 04.09.12 Ikkje fått svar, bede om munnleg orientering i møte 011.09.12. Sjå sak 35/12 og 45/12.
035/12Orientering – Status i arbeidet med å lage plandokument for innkjøpsfunksjonen	13.06.12		11.09.12 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek orienteringa til rådmannen til vitande. - Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å få orientering om status med arbeidet med plan for innkjøp.

			<p>- Kontrollutvalet ber om at det under denne orienteringa vert gjeve eit tidspunkt for kva tid plan for innkjøp blir ferdigstilt.</p> <p>12.09.12 Brev s Eid kommune</p> <p>Sjå sak 45/12</p>
036/12 Tinging fv prosjekt «Drift og vedlikehald av bygningar»	11.09.12		<p>11.09.12 Vedtak KU –</p> <p>- Tingingsdokument for fv-prosjektet «Drift og vedlikehald av bygningar» vert godkjent.</p> <p>- Tingingsdokument vert s KIN for operasjonalisering.</p> <p>12.09.12 Tinging s. KIN</p>
043/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	27.11.12		27.11.12 Vedtak KU: Ikkje merknader.
044/12 skriv og meldingar.	27.11.12		27.11.12 Vedtak KU: Teke til vitande.
045/12 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport innkjøpsfunksjonen.	27.11.12		27.11.12: Saka vert teken opp igjen på neste møte i kontrollutvalet.
046/12 Status arbeid med tiltak beredskap eid kommune.	27.11.12		27.11.12 Vedtak KU Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.
047/12 Effektuering av kommunestyrevedtak 58/11 Sal av kommunale eigedomar.	27.11.12		27.11.12: Vedtak KU: Kontrollutvalet tek saka til vitande og reknar henne for avslutta.
048/12 Masseuttak eid kommune.	27.11.12		<p>27.11.12: Vedtak KU:</p> <p>Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012.</p> <p>- Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket.</p> <p>29.11.12 Brev til Eid kommune</p> <p>03.01.13 Svarbrev frå Eid kommune.</p>
049/12 Oppfølging rapport frå fylkesmannen om tilsyn med behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsytingsansvar for barn.	27.11.12		27.11.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
050/12 Rapport forvaltningsrevisjonsprosjekt «Eid kommune sine rutinar for fastsetjing og fordeling av midlar til dei ikkje-kommunale barnehagane.	27.11.12		<p>27.11.12 Tilråding til kst.</p> <p>29.11.12 s. kst</p> <p>13.12.12: Vedtak kst sak 121/12.</p>
051/12 Plan for selskapskontroll 2012 – 2016.	27.11.12		<p>27.11.12 Tilråding til kst</p> <p>29.11.12 s. kst</p> <p>13.12.12 Vedtak kst sak 122/12.</p>
052/12 Orientering protokollar politiske styre Eid kommune.	27.11.12		27.11.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
053/12 Oppfølgingsliste 5-2012 eid kommune	27.11.12		27.11.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
054/12	27.11.12		27.11.12 Vedtak KU – Teke til vitande.

Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vedlikehold av bygninger – prosjektplan			
055/12 Eventuelt.	27.11.12		27.11.12 Vedtak KU – Ikkje teke opp saker.

Oppdatert 19.02.2013.

010/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 19.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.02.2013	010/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet vil til neste møte kalle inn rådmannen for å orientere om kva tiltak som vil bli sett i verk for at personlege opplysningar som ikkje er offentlege etter offentleglova vert lagt ut på heimesida til kommunen.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.